



Uskedal ungdomslag inviterer born og ungdom til å vera med i teatergruppe. Øvingsplassen er Helgheim.

Uskedal ungdomslag vil prøva å få i gang barne- og ungdomsteater. Det er lyst ut 12 ledige plassar med oppstart måndag 27. august kl. 17.30 i Helgheim. Maria Larssen er instruktør og målet er ei eller anna form for framføring anten til jul eller til neste vår. Dei som melder seg, må ha ein alder mellom 10 og 18 år.

Det er lenge sidan det har vore ei aktiv teatergruppe i Uskedalen. Med dyktig leiing ligg alt no til rettes for oppstart av dramagruppe for born og ungdom. Regissør og leiar vert Maria Larssen. Maria er i dag kunst- og musikk lærar på Uskedal skule. Ho har mastergrad i utdanninga si og har tidlegare vore tilsett i Kvinnherad kulturskule.

Teatergruppa vil læra mykje om drama, improvisasjon, teatersport og formidling. Målet er teaterproduksjon og framføringar for publikum. Fast øvingskveld er måndagen frå kl. 17.30 til kl. 19. Oppstart: Måndag 27. august.

Interesserte må melda seg til Hildegunn Klette Hansen på mobil: 915 98 816

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto; Maria Larssen/Kristian Bringedal



[Maria Larssen](#) vert instruktør for teatergruppa.